



**HLB**  
HØGSKULEN FOR  
LANDBRUK OG  
BYGDEUTVIKLING



**Byfolk**

**om**

**bønder**

Kan landbruket gje Sandnes ein  
unik byidentitet?

**Dag Jørund Lønning**

HLB Arbeidsrapport nr. 2,  
2013

**ISBN 978-82-93079-08-8**

*Finst berre i elektronisk utgåve*



# ***Byfolk om bønder***

*Kan landbruket gje Sandnes ein unik byidentitet?*

*Dag Jørund Lønning*

HLB Arbeidsrapport 2, 2013.

© Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling 2013  
Arbeidsrapport nr. 2 - Elektronisk utgåve  
ISBN 978-82-93079-08-8  
Pris: Fri nedlasting

Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling  
Postvegen 213  
4353 Klepp stasjon  
Tlf: 51 79 94 00  
Epost: [post@hlb.no](mailto:post@hlb.no)  
Nett: [www.hlb.no](http://www.hlb.no)

## FØREORD

I denne arbeidsrapporten ser me nærare på korleis sentrumsbrukaren i Sandnes ser på bonden og landbruket. Sandnes er landets raskast veksande by, men også ein av landets største landbrukskommunar. Det første veit truleg dei fleste, det siste kanskje dei færreste?

I Sandnes si sentrumsutvikling er landbruket meir eller mindre totalt fråverande. Her går denne bykommunen glipp av ein spennande sjanse til å skapa noko nytt og unikt i Noreg; ei byutvikling som byggjer på møtet mellom det urbane og det rurale.

I rapporten legg me fram data som syner at bybrukaren ønskjer ein langt tettare integrasjon. Det store fleirtalet av sentrumsbrukarane er opptekne av at landbruket må bli langt meir synleg enn det er i dag. Eit svært så stort fleirtal står og på sandnesbøndene si side i kampen for eit tydelegare vern av matjorda.

Korleis kan ein strategi for betre å integrera by og land i Sandnes sjå ut? Gjennom å synleggjera bybrukaren sitt syn på landbruket og bøndene sitt tilsvaret, bør denne rapporten gje fleire svar og innspel til korleis eit bynært landbruk kan utviklast.

Dette er ein delrapport i forskingsprosjektet «Landbruksbyen Sandnes». Arbeidet er delfinansiert av *Sandnes kommune*. Me vil nytta høvet til å takka landbrukssjef Daniela Dobbert og resten av dei tilsette ved landbrukskontoret for godt samarbeid og gode innspel.

Forfattar av denne arbeidsrapporten og prosjektleiar for «Landbruksbyen Sandnes» er dr. philos Dag Jørund Lønning, rektor ved HLB.

HLB gjev i tillegg ut rapportar og arbeidsnotat. Les meir på heimesidene våre: [www.hlb.no](http://www.hlb.no)

*Forsidebileta er baa frå Sandnes si stolte hovudgate, Langgata . Foto: Dag Jørund Lønning.*

Jæren, oktober 2013

*Forfattaren*

# INNHALD

<b>FØREORD</b> .....	<b>3</b>
<b>1 INNLEIING</b> .....	<b>5</b>
1.1 Om spørjegranskinga.....	5
1.1.1 Gjennomføring og metodikk.....	7
1.1.2 Innverknad av bakgrunnsvariablar.....	7
1.2 Om prosjektet "Landbruksbyen Sandnes".....	7
<b>2 KORLEIS SER BYFOLK PÅ BØNDER?</b> .....	<b>9</b>
2.1 Ja til eit sterkt jordvern!.....	9
2.1.1 Vern av matjord er ein fellesverdi.....	10
2.1.2 Jordvern er viktigare enn bustadbygging.....	12
2.2 Kulturlandskapet i Sandnes er eit viktig rekreasjonsområde for mange menneske ..	12
2.3 Få veit at Sandnes er ein av landets største landbrukskommunar.....	14
2.4 Bøndene bør bli betre på ekstern kommunikasjon.....	16
2.5 Stor interesse for lokale produkt.....	16
2.5.1 ... og stor vilje til å betala meir for slike.....	18
2.6 Bøndene i Sandnes bør satsa aktivt på dei nye handlingsrom det bynære gir.....	18
2.7 Kva vil så bøndene sjølve?.....	21
<b>3 LANDBRUKET I SANDNES: BORTGØYMT, MEN IKKJE BORTGLØYMT</b> .....	<b>25</b>

# 1 INNLEIING

## 1.1 OM SPØRJEGRANSKINGA

Sandnes er ein stor landbrukskommune, i norsk målestokk faktisk ein av dei største.<sup>1</sup> Det er og den by i landet som veks raskast.<sup>2</sup> For den som kjem utanfrå og inn i sentrum er det lett å leggja merke til det siste, men svært vanskeleg å finna særlege indikasjonar på det første. Ein FK-butikk ved innkøyringa til byen er meir eller mindre det einaste som vitnar om at det føregår landbruksproduksjon i området.

Denne rapporten inngår i HLB sitt forskingsarbeid rundt "Landbruksbyen Sandnes", eit prosjekt som m.a. har som mål å gje konkret innhald til omgrepet "bynært landbruk". Dette omgrepet kan verka "nøytralt" i utgangspunktet, men implisitt ligg også ei forteljing om endring der landbruket vil vera på vikande front. I dei aller fleste bynære landbruksområde var bonden "her først". Etter kvart som byen veks, et den seg inn og delvis fortrenger matjord og beiteland.

Bynært landbruk vil difor måtta handla mykje om jordvern, om å sikra viktige produksjonsareal mot nedbygging. Samtidig indikerer omgrepet også eit møte mellom ulike måtar å forstå og bruka areal på, eit møte mellom eit tradisjonelt ruralt produksjonslandskap og eit framveksande urbant opplevingslandskap.

Det bynære landbruket i Sandnes og i resten av jærregionen har potensielt ein svært stor og variert marknad. God jord, sterke fagmiljø og mange foredlingsanlegg gjev rom for å halda trykket oppe innanfor tradisjonell volumproduksjon. På den andre sida har ein også lett tilgjenge til eit raskt veksande og kjøpesterkt, urbant publikum på jakt etter nye spennande smakar og landskapsbaserte opplevingar og aktivitetar.

Men medan verdikjeda for tradisjonell volumproduksjon er godt utbygd i regionen, er ein – i "Matfylket Rogaland" – likevel berre i startgropa når det gjeld produksjon, distribusjon og

---

<sup>1</sup> I forhold til næringsinntekt frå jordbruk er Sandnes landets sjuande største landbrukskommune. Kjelde: SSB, Landbruksteljinga 2010.

<sup>2</sup> <http://no.wikipedia.org/wiki/Sandnes>

foredling av andre typar produkt og tenester frå landbruket. Dette er ei utfordring ein bør ta på alvor av fleire grunnar.

For det første fordi forbruksmønster og difor også verdiskalaer er i rask endring. Me brukar stadig mindre på å metta magen, og stadig meir på å metta andre behov ("ekte" eller "skapte"). Eit rakst veksande urbant befolkningssegmentet produserer eit omkring liggjande "opplevingslandskap"; eit landskap bygd opp rundt turgåing, ymsande landskapsbaserte fritidsaktivitetar og natur- og kulturvern.

Det fysiske utgangspunktet for denne verdiutviklinga er det landbruksskapte kulturlandskapet, og det ville difor vera rart om ikkje også bonden søkte etter nye næringsutviklingsrom i dei mange nye møta med det urbane.

For det andre slepp heller ikkje Sandnes unna strukturendringane. Nokre bruk blir meir effektive, men det totale talet på bønder går ned. Samanlikna med landbruket i nabokommunane i sør, er det og mange forholdsvis små gardsbruk i Sandnes. Spesielt i Sandnes aust er det ei rekke bruk som over tid truleg vil ha behov for å supplera, eller eventuelt erstatta, tradisjonell drift med nye aktivitetar for å kunna driva vidare.<sup>3</sup> Elles fortel gode døme både frå Sandnes og frå andre stader i jærregionen at kombinasjonar mellom volumorientert produksjon og utvikling av nye, lokalt fokuserte produkt og tenester er fullt mogleg å få til.

Tala som blir presenterte i denne rapporten vitnar om at interessa for nye tilbod og tenester frå landbruket i Sandnes er stor. Eit stort fleirtal ønskjer seg likevel byretta produkt/tenester som i mindre grad blir produserte/fokuserte pr. i dag. Fleirtalet meiner og at bøndene/landbruket er alt for lite flinke til å informera om det ein held på med. Dette er viktige utfordringar for ei næring som både er avhengig av folkeleg støtte og, både på kortare og lengre sikt, av å produsera det folk vil ha.

Samtidig fortel tala og om brei støtte til landbruk og jordvern, ei støtte som går på tvers av generasjonar. Dette bør vera ei oppmuntring i det vidare arbeidet. Rapporten indikerer at det ligg eit stort og spennande utviklingsrom i møtet mellom det rurale produksjonslandskapet og

---

<sup>3</sup> HLB vil leggja fram ei separat undersøking om Sandnesbøndene sine framtidsplanar.

det urbane opplevingslandskapet. I dag verkar ikkje kommunikasjonen mellom desse to å vera god nok. Det er også svært avgrensa med felles idé- og produkt-/tenesteutvikling. Eit tilnærma ”landbruksfritt” sentrum indikerer at det urbane og det rurale eksisterer som to separate sfærar.

Kva gjer ein då? Den fremste karakteristikken på den vellukka entreprenøren er evna til å bryta gjennom sfærar og kople det etablerte på nye måtar.<sup>4</sup> Den økonomiske entreprenøren leitar etter nye produksjonsmåtar og marknader, medan den sosiale/kulturelle byggjer nye alliansar. Landbruket i Sandnes vil trenga desse entreprenørane i åra frametter. Den veksande byen kan gje nye næringsutviklingsrom, og kampen for jordvernet kan ikkje lukkast utan i allianse med den urbane delen av befolkninga.

### **1.1.1 Gjennomføring og metodikk**

Undersøkinga er gjennomført i perioden 17 – 27 juli, 2013. Det er gjennomført 520 intervju med forbipasserande i Langgata og på senteret Vaagen Amfi. Dette er eit stort tal respondentar for denne typen undersøking, og sjølv om ein med denne metoden ikkje når eit «statistisk representativt» utval av Sandnes sin befolkning, gjev talmaterialet oss eit svært godt utgangspunkt for å kunna seia noko om kva *menneske som nyttar Sandnes sentrum* – «byfolk» – meiner om landbruk, jordvern og kulturlandskap.

### **1.1.2 Innverknad av bakgrunnsvariablar**

Sentrale bakgrunnsvariablar er kjønn, alder, bustad (i Sandnes, annan stad i regionen eller utanfor regionen) og grad av sentralitet/buform (i sentrum, i bustadfelt utanfor sentrum, i spreiddbygd område, eller på gardsbruk).

## **1.2 OM PROSJEKTET ”LANDBRUKSBYEN SANDNES”**

Denne rapporten inngår i forskingsprosjektet «Landbruksbyen Sandnes». Dette er eit breispektra samarbeid mellom HLB og Sandnes kommune med utgangspunkt i høgskulen sine

---

<sup>4</sup> Sjå for eksempel Barth, Fredrik 1967: *Economic spheres in Darfur*. I Raymond Firth (red.): *Themes in Economic Anthropology*. London: Tavistock.

pågåande forskningssatsingar rundt jordvern, bynært landbruk og entreprenørskap i landbruksnæringa.

Samarbeidet inneber at Sandnes blir eit sentralt eksempelområde for forskingsarbeidet ved HLB, og at kommunen difor vil bli nytta aktivt både i nasjonale og internasjonale forskingsprosjekt. For Sandnes kommune vil forskingsresultat kunna nyttast direkte inn i arbeidet med planverk knytt til landbruk.

Sentrale forskningstema er:

- Korleis sikra vern av matjord og viktige landbruksområde?
- Bynært landbruk; utfordringar og nye potensial?
- Nye næringar og innovasjonar i landbruket.



## 2 KORLEIS SER BYFOLK PÅ BØNDER?

I dette kapittelet blir dei viktigaste resultat frå undersøkinga om sentrumsbrukarar i Sandnes sine holdningar til landbruket i området presenterte. I den grad bakgrunnsvariablar spelar inn, blir desse diskuterte under kvart spørsmål.

### 2.1 JA TIL EIT STERKT JORDVERN!

Når bortimot tusen nye innflyttarar skal busetjast kvart år, slik situasjonen er i Sandnes, er det å verna om matjord ei på mange måtar krevjande oppgåve. Jordvern er i det heile eit stort og kontroversielt tema i heile jærregionen. På eit avgrensa areal finst landets viktigaste jordbruksområde, landets mest ettertrakta utbyggingsareal og eit av dei mest brukte friluftsareal i landet. I tillegg kjem store verneinteresser både på natur- og kultursida.<sup>5</sup>

Landbruket og matjorda har ofte kome ut som den tapande part i Sandnes og på Jæren, så ofte at Rogaland tideleg fekk stempel som ”verstingfylke” når det gjeld nedbygging av matjord.<sup>6</sup>

Spørsmålet er då om dette er prioriteringar den jamne innbyggjar i regionen støttar. I vårt arbeid med forskingsprosjektet ”Kva er Jæren?”<sup>7</sup> har me sett at landbruket i stor grad fører kampen for jordvernet på eigne arenaer. På landbruket sine temamøte er det stort sett bønder til stades. Ein endar difor fort opp med å tala for eigen menigheit.

Gjennom dette forskingsarbeidet har det og kome fram at mange bønder sit med inntrykk av

**Er det viktig for deg å ta vare på så mykje matjord som mogleg her i Sandnes og i området rundt?**

Svaralternativ	Prosent
Ja, veldig viktig	91%
Ikkje så viktig her i Sandnes	3%
Ikkje viktig for meg	5%
Veit ikkje/ingen mening	1%

<sup>5</sup> Sjå Lønning, Dag Jørund 2012: *Kva er egentleg Jæren? Nordmenn sine assosiasjonar til eit av landets mest populære men omstridde landskap*. HLB Arbeidsrapport nr 1, 2012.

<http://www.hlb.no/publikasjoner/item/188-kva-er-eigentleg-j%C3%A6ren?-hlab-arbeidsrapport-nr-1-2012>

<sup>6</sup> <http://www.aftenbladet.no/nyheter/lokalt/jaeren/Lov-vernet-matjord-hyaktuelt-p-Jren-2370849.html#.Uk0ne1OTjng>

<sup>7</sup> <http://www.hlb.no/forskning/203-hlb-med-ny-tilnaerming-til-jordvernutfordringane-kva-er-eigentleg-jaeren-og-kva-er-verdien-av-det-jaerske-landbrukslandskapet-for-andre-brukargrupper>

at ”byfolk” og andre utan gardstilknytning bryr seg lite om jordvern. I den grad dette er ei innarbeidd myte, kan den her og no avlivast. Bybrukaren i Sandnes bryr seg *i aller høgste grad* om jordvern. Blant dei mange spurte i denne undersøkinga er det ein overveldande majoritet på 91% som svarar at det å ta vare på så mykje matjord som råd er «veldig viktig».

I vår undersøking om norske holdningar til Jæren og jærlandskapet,<sup>8</sup> kom det fram at 71,6% av Noregs befolkning ser «landbruk og matproduksjon» som viktigaste bruksområde for jærlandskapet. Under framlegging av desse tala, våren 2012, var det nokre lokale røyster som hevda at dei nasjonale tala var uttrykk for manglande kjennskap til jærregionen. Resultata frå Sandnes viser no at støtta til ei effektiv vern av matjorda på Jæren faktisk er *enno* sterkare lokalt. Når tala blir så tydelege som dette, peikar det mot at me her står overfor ein verdi som gjennomsyrrar heile befolkninga, uavhengig av om ein bur på landet eller i byen.

For politikarar og forvaltning i Sandnes bør dette vera eit svært så sterkt signal: jordvern bør gjerast til ei sentral og overordna prioritering i vidare arealutvikling. For landbruket i kommunen kan tala takast som både oppmuntrande og som invitasjon til å tenka langt breiare når det gjeld alliansebygging. Landbruket kan ikkje vinna kampen om matjorda utan å skaffa seg gode alliansepartnarar. Denne undersøkinga viser at ein har eit solid fleirtal av bybefolkninga i ryggen i denne kampen.

### **2.1.1 Vern av matjord er ein fellesverdi**

Bakgrunnsvariablane for undersøkinga slår i liten grad inn i forhold til holdningar til jordvern. Med andre ord står jordvernet sterkt både hos kvinner og hos menn og i alle aldersgrupper. 89% av dei under 35 seier at jordvern er svært viktig, medan 93% av dei over 65 seier det same. Dette er små skilnader. Det mest oppsiktsvekkjande – og gledelege for landbruket – er at eit overveldande fleirtal av dei yngre *også* er sterkt opptekne av å ta vare på matjorda for framtida.

Det er eit lite utslag i forhold til kor ein bur. Heile 93% av dei som bur i Sandnes kommune seier at aktivt jordvern er ”veldig viktig”. Sandnesbuen står såleis i praksis samla om denne verdien! For dei som bur andre stader i jærregionen er talet 91%, medan 83% av dei som bur utanfor regionen meiner det same. Når det gjeld graden av sentralitet, ser me også nokre mindre

---

<sup>8</sup> Ref. fotnote 5.

utslag. 100% (!) av dei som gjev opp at dei bur på gardsbruk seier at det er viktig å ta vare på så mykje matjord som råd i Sandnes. Tilsvarende tal for dei som bur i område med spreidd busetnad er 88%, for dei som bur i bustadfelt rundt sentrum 92%, og for dei som bur midt i byen 87%.

I det offentlege rom (utanfor landbruket) blir debattar om jordvern stort sett ført på politiske arenaer, og då helst i samband med lokalvalkamp kvart fjerde år. Spørsmålet er likevel om me ikkje her står overfor kollektive verdiar og holdningar som er så utbreidde at dei rett og slett bør løftast over dette politiseringsnivået?<sup>9</sup> Både denne og tidlegare undersøkingar frå HLB<sup>10</sup> indikerer at me i forhold til spørsmålet om eit aktivt jordvern på Jæren står overfor ein *fellesverdi*, med andre ein verdi som sameinar veldig mange menneske på tvers av skiljeliner. I partipolitikken står me ofte mot kvarandre, i spørsmålet om me skal ha eit sterkt jordvern eller ikkje i Sandnes/jærregionen står me derimot saman. Ingenting i denne undersøkinga tyder på at jordvern er kopla til partipolitikk hos folk flest. Sandnes er kjend som ein ”blå” kommune med eit solid *stemmefleirtal* for Høgre og FrP. Mange vil nok og hevda at desse to partia har vore dei minst markerte i jordvernsspørsmål på Jæren. Men i denne same politisk blå byen ser me då at 93% av bybrukarane seier ja til eit sterkt jordvern!

Nedbygging av matjord er med andre ord slett ikkje er noko politisk vinnarsak. Det har knappast vore målt ei klarare tilslutning til eit sterkt jordvern i noko anna undersøking nokon gong i Noreg.<sup>11</sup>

---

<sup>9</sup> Å politisera er, seier Store Norske Leksikon, å «bidra til at ... upolitiske spørsmål får politisk karakter eller innhold». <http://snl.no/politisere>. «Upolitisk spørsmål» er dei me er samde om på tvers av partipolitiske skiljeliner. I denne undersøkinga kjem effektiv vern av matjord fram som ein slik fellesverdi – som då alle politiske parti (i den grad dei avspeglar holdningar i befolkninga) bør stilla seg bak.

<sup>10</sup> Ref. fotnote 5.

<sup>11</sup> I ei nasjonal undersøking frå 2008 svarte 70% at jordvernet burde styrkast i Noreg:

[http://www.regjeringen.no/nb/dep/lmd/aktuelt/nyheter/2008/apr\\_08/jordvern-vil-ha-vernebestemmelse-for-dyr.html?id=508665](http://www.regjeringen.no/nb/dep/lmd/aktuelt/nyheter/2008/apr_08/jordvern-vil-ha-vernebestemmelse-for-dyr.html?id=508665)

I ei nasjonal undersøking frå Landbrukets Utredningskontor frå 2011 svarte 44% at jordvern er «svært viktig» og 42% at jordvern er «ganske viktig»: <http://www.utredningskontoret.no/file=1657>

### 2.1.2 Jordvern er viktigare enn bustadbygging

Den sterke jordvernstøtta held seg når denne verdien vert prøvd opp mot ei anna kjempeutfordring i jærregionen, behovet for nye bustader. På spørsmålet om kva som er viktigast av å bygga nye hus eller å ta vare på matjorda, svarar 56% vern av matjord, medan berre 7% svarar husbygging. 34% svarar at me lyt få til begge delar.

#### Kva er viktigast? Å ta vare på matjord eller å bygga nye boligar?

Svaralternativ	Prosent
Å ta vare på matjord	56%
Å bygga nye boligar	7%
Me må få til begge delar	34%
Ingen mening	3%

Dette siste svaret er på ein måte det ”korrekte” sett i lys av Sandnes sin situasjon i dag. Folketalsauken er rask og det *må* byggjast nye bustader. Den store støtten til eit aktivt jordvern blant dei

spurte, viser likevel at mannen i gata føretrekkjer at det *ikkje* blir bygd nye hus dersom desse må byggjast på matjord. Jordvern er rett og slett verdimesig *viktigare* enn husbygging, seier eit stort fleirtal.

Me kan ikkje utleia av undersøkinga at fleirtalet av dei spurte er *mot* husbygging, men me ser at bybuen i Sandnes langt frå er likegyldige til *kor* nye hus blir sette opp. Matjord må vernast mot nedbygging, hus må byggjast andre stader. Dette må tyda vidare fortetting og/eller å byggja på fjellgrunn.

## 2.2 KULTURLANDSKAPET I SANDNES ER EIT VIKTIG REKREASJONSOMRÅDE FOR MANGE MENNESKE

Sandnes er den landskapsmessig mest varierte av kommunane i jærregionen. Her er urbane rom og bygderom, her er skog, utmarksvidder, innmarksvidder, dalar, fjordar og fjell.

I undersøkinga har me spurt om kor vidt og korleis byfolk brukar landskapet i kommunen til fritids-/rekreasjonsaktivitetar. Tala seier noko om bøndene (som eigarar og forvaltarar av store delar av dette landskapet) sine samfunnsroller utover det å produsera mat. Denne sida ved

landbruket har til no vore relativt lite fokusert i det tradisjonelt meir volumfokuserte jærlandbruket.<sup>12</sup>

Med eit reint masse-/volumproduksjonsperspektiv, vil urbanisering og rask befolkningsvekst stå fram som eit problem («meir og meir trakk») for landbruket. I eit litt utvida fokus, som inneheld kommunikasjon/marknadsføring av landbruket si rolle som produsent av «bygderommet»<sup>13</sup> – det rommet all annan aktivitet i bygda (byen) inngår i – kan det at fleire menneske brukar landbrukslandskapet gje rom for å byggja nye alliansar og marknadsføringskanalar for landbruket.

Tala vil også kunna seia noko om det potensielle kundegrunnlaget når det gjeld nye landskapsbaserte tenester/produkt/aktivitetar på den enkelte gard.

Dette potensialet ser ut til å vera stort i Sandnes. 72% svarar at dei brukar kulturlandskapet «ofte», ytterlegare 13% svarar «ganske ofte», og 8% «av og til». Då står det berre att 7%, som svarar anten «sjeldan eller aldri» eller «ikkje aktuelt».

Når me då spør kva aktivitetar som er mest populære, er «turgåing» desidert på topp. Deretter kjem «generell rekreasjon». Mange av dei spurte nyttar og kulturlandskapet til «jakt og fiske», «sport og trening», «gardsrelaterte aktivitetar» og «hesteridning».

Dei høge tala vitnar om eit landbruksprodusert landskap som er viktig for veldig mange menneske. Det bynære landbruket si landskapsproduserande rolle er såleis særskilt viktig i eit samfunnsperspektiv. Fleire og fleire menneske i dag bur i byar. Det bynære landskapet blir ein stadig meir sentral arena for fritidsaktivitetar, rekreasjon og trivsel. Den sterke støtta til eit aktivt jordvern som kom fram over, kan fort visa seg å botna i denne «infrastrukturelle» funksjonen til det bynære landbruket. Jærlandskapet er eit av dei desidert mest nytta fritidslandskap i landet,<sup>14</sup> og det er eit landskap med eit framleis levande landbruk. Desse to heng truleg langt tettare saman enn det som har kome fram i offentleg debatt til no.

---

<sup>12</sup> Meir om dette i rapporten «Kva er eigentleg Jæren?». Ref. fotnote 5.

<sup>13</sup> Lønning, Dag Jørund 2003: *Den norske bygda og den store verda*. Bø: Telemarkforskning.

<sup>14</sup> Ref. fotnote 5.

Når ein «bybu» tek til orde for eit strengt jordvern kan dette såleis byggja på ein annan type argumentasjon enn den landbruket sjølv nyttar. Medan bonden ser matproduksjon som sjølv jordvernargumentet, er det slett ikkje sikkert at dette er det viktigaste for andre landskapsbrukarar. I personlege samtalar/intervju med bybuande turgåarar på Jæren, har det kom fram ei rekkje synspunkt der jordvern blir kopla til landbruket si rolle som produsent og forvaltar av det opne landskapet som særkjenner regionen. Ei kvinne eg møtte i nærleiken av Brusanden var lite interessert i å høyra om matproduksjon, og meinte at me heller burde importera meir mat. Då eg følgde opp med å påpeika at større matimport kunne føra til avskaling av bønder på Jæren og etter kvart også gjengroing, var dama raskt ute med å understreka at ho såg det opne landbruksproduserte landskapet som avgjerande for sjølv opplevinga av Jæren. Med denne typen argumentasjon kunne ho såleis «gå på barrikadane» for eit strengare jordvern.

Denne dama kan vera representativ for mange av dei som har uttrykt seg i denne kvantitative undersøkinga. Dette er bybuen sitt perspektiv på landbruket. Også her framstår bonden som sær viktig, men kanskje av delvis andre årsaker enn det landbruket i regionen til no har vektlagt.

For bonden og denne sine representantar kan det – som understreka over – opna seg nye rom for både sosial, kulturell og økonomisk verdiskaping i det møtet mellom produksjons- og opplevingslandskap som me her står overfor. Desse romma bør utforskast og utnyttast for at landbruket skal ha ei positiv framtid i ein region med så sterkt utbyggingspress som Sandnes/Jæren. Dess fleire funksjonar/rollar landbruket syner seg å ha, dess fleire alliansar kan ein og byggja i kampen for vernet av matjorda.

## **2.3 FÅ VEIT AT SANDNES ER EIN AV LANDETS STØRSTE LANDBRUKSKOMMUNAR**

I innleiinga til denne rapporten vart det peika på at Sandnes er ein stor landbrukskommune, men at landbruket er svært lite synleg i *byen* Sandnes. Over tid kan dette lett tolkast i retning av at dei som har makt til å definera byen sin utsjånad og måte å utvikla seg på, *ikkje* ser landbruk som ein særleg «viktig» del av Sandnes sin identitet.

Dette vart til dels stadfesta av student ved HLB, Ingve Berntsen, som i eit bachelorarbeid om bynært landbruk i Sandnes<sup>15</sup> synte at ordet «landbruk» knappast er å finna verken på kommunen si nettside, i innkallingar og saklister til kommunestyret dei siste åra, eller i Wikipedia sin artikkel om Sandnes (som jo er eit resultat av mange sine innlegg og oppdateringar over tid).

I spørjeundersøkinga i Sandnes sentrum ønskte me å få vita om bybrukarar faktisk er klare over at Sandnes er ein av dei aller største landbrukskommunane i Noreg?<sup>16</sup> Berre 17% svarar at Sandnes er «ein av landets 10 største landbrukskommunar». Fleire enn dette, 20%, svara «ein mindre viktig landbrukskommune», medan fleirtalet på 58% svarar «ein ganske stor landbrukskommune, men ikkje blant dei største eller viktigaste i landet».

Ser me korleis bakgrunnsvariablane verkar inn, ser me faktisk at dei respondentane som er *busette i Sandnes også er dei som er minst klare over at Sandnes er ein av landets viktigaste landbrukskommunar*. Berre 14% av sandnesbuen landar på dette svaralternativet. Til samanlikning er det 24% av dei som bur utanfor regionen som veit at byen dei besøkjer også har ei i norsk målestokk svært stor og viktig landbruksnæring.

Når me i tillegg ser at berre 19% av dei som gir opp å vera busette på gardsbruk er klare over kor stort landbruket i Sandnes faktisk er, må det og stillast spørsmål ved den interne kommunikasjonen av og fokuset på eiga verdiskaping.

I det heile er denne tilsynelatande gjennomgåande mangelen på landbruksfokus i Sandnes dårleg nytt for optimisme, investerings- og utviklingslyst og framtidig rekruttering til næringa. Både byutviklarar og politikarar har ansvar for å vera med og vidareutvikla ei viktig næring for byen/kommunen. Samtidig må ein og peika på bøndene, faglaga og landbruksorganisasjonane sine ansvar når det gjeld både intern og ekstern kommunikasjon/informasjon.

---

<sup>15</sup> Oppgåva vart levert som del av bachelorgraden i bygdeutvikling ved HLB våren 2013.

<sup>16</sup> På dei ulike landbruksrelaterte verdiskapingsmåla til SSB, figurerer Sandnes frå femte til åttande plass på landsbasis.

## **2.4 BØNDENE BØR BLI BETRE PÅ EKSTERN KOMMUNIKASJON**

At landbruksaktørane lokalt ikkje er gode nok på dette, kjem tydeleg til uttrykk i denne undersøkinga. På spørsmålet «Synest du bøndene i Sandnes er flinke til å informera resten av befolkninga om det dei driv med?» svarar heile 47% «Nei». Berre 13% seier «Ja» til dette. Ytterlegare 13% svarar «Delvis», medan 27% ikkje har noko formeining. Også her ser me at dei som sjølv bur på gardsbruk ikkje skil seg særleg frå resten av befolkninga; 39% svarar «nei», 13% «ja» og 19% «delvis». Går me inn og ser på gruppa «busette i Sandnes», finn me at heile 58% svarar «nei» på spørsmålet om bøndene er flinke til å informera resten av befolkninga om eigne aktivitetar. 17% svarar «ja» og 14% svarar «delvis».

Dette er tal landbruket og fagлага i kommunen bør ta på alvor. I den grad det eksisterer strategiar for ekstern kommunikasjon bør desse evaluerast/reviderast. Dersom det ikkje eksisterer slike strategiar bør ein snarast setja fokus på tematikken.

I løpet av prosjektida har me gjennomført fleire personlege samtalar med bønder i ulike delar av Sandnes og innanfor ulike produksjonar. I desse samtalane har det kome fram at det knappast eksisterer samordna strategiar verken når det gjeld kommunikasjon med ei veksande bybefolkning eller for å utnytta dei potensial som kan liggja i bynær drift. Heller ikkje individuelt hadde bøndene strategiar for dette.

I ein kommune med så rask urbaniseringsrate og så stort press på matjorda som det me finn i Sandnes, er god kommunikasjon med omverda særst viktig både for enkeltbønder, faglag og landbruksorganisasjonar. Denne undersøkinga viser at det bør vera fullt mogleg å koma i ein god dialog med den meir urbane delen av befolkninga i kommunen.

## **2.5 STOR INTERESSE FOR LOKALE PRODUKT...**

Det er eit stort fokus i samtida på lokal og/eller kortreist mat både som rå- og som foredla vare. Dette er også eit tema når omgrepet/merkevara «Matfylket Rogaland» blir brakt på banen. Samtidig har meir tradisjonell volumproduksjon utan særskilt opphavsfokus alltid vore ein grunnpilar i jærlandbruket. I arbeidet med dette prosjektet har me fått mange innspel om dette frå menneske knytt direkte eller indirekte til landbruket. Ein representant for



verkemiddelapparatet sa det på denne måten: «Volumproduksjon er så inngrodd her at de nok vil finna at verken bønder eller forbrukarar ønskjer fleire lokale produkt».

Dette er likevel ein personleg konklusjon som knappast er bygd på erfaring og/eller empiri. Freistnadane på å skapa tettare kontakt mellom bonden som produsent og urbane forbrukarar er overraskande få og spreidde i Sandnes, Noregs største landbruksby. Me registrerer likevel at eit av desse initiativa, Skjæveland gårdsutsal, har utvikla seg til det gardsutsal i Noreg med størst omsetnad.<sup>17</sup> Skal omgrepet «bynært landbruk» ha eit innhald som går utover «tradisjonelt volumorientert landbruk utført nær ein by» må ein aktivt utforska nærare dei nye marknader og utviklingsrom for landbruket som eventuelt kan liggja i ei veksande urban befolkning.

I vår undersøking fann me at bybefolkninga i Sandnes i røynda har svært så klare ønskje når det gjeld meir fokus på lokal og kortreist mat. 43% svarar at restaurantar og serveringsstader i byen har for lite fokus på lokal mat. 21% meiner at restaurantane er gode nok på dette feltet, medan 35% ikkje har gjort seg opp noko meining.

Når me flyttar fokuset til sal frå butikkar og torg, blir tala langt tydelegare. På spørsmålet om ein ønskjer eit større utbod av lokale landbruksvarer i butikkar og på torg svarar 69% «ja», 21% svarar «nei», medan 10% ikkje har gjort seg opp noko meining.

Sett i forhold til bakgrunnsvariablane for undersøkinga, ser me også at det er stort «jafleirtal» i alle undergrupper. I nokre befolkningsgrupper er dette særleg sterkt. 76% av kvinnene på gata i Sandnes svarar «ja». Tilsvarande tal for den mannlege delen av befolkninga er 60%. Når det gjeld innverknadane av alder, ser me at det både blant dei under 35 år og blant dei i aldersgruppa frå 35 – 65 er over 70% som seier ja til meir lokal mat. For dei over 65 fell talet til 56%.

**Kunne du tenkt deg eit breiare tilbod av mat med lokalt opphav i butikkar og på torg i Sandnes?**

Svaralternativ	Prosent
Ja	69%
Nei	21%
Veit ikkje/ingen meining	10%

<sup>17</sup> <http://www.nationen.no/2010/07/26/landbruk/handel/matsalg/kortreist/6079423/>

Variabelen «grad av sentralitet i buform» slår inn på ein interessant måte i forhold til dette spørsmålet. Medan andelen ja-svar ligg rundt 70% både for dei som bur midt i byen, dei som bur i bustadfelt rundt byen og dei som bur meir spreidd, stig dette til 74% blant dei som er busette på gardbruk. M.a.o er det faktisk bøndene som er *aller* mest positive til meir lokal mat i butikkar og på torg i Sandnes. Sandnesbonden er såleis slett ikkje ein «inngrodd» motstandar av å auka det lokale fokuset i produksjon og omsetnad.

### 2.5.1 ... og stor vilje til å betala meir for slike

Generelt ser ein at undersøkingar der ein spør forbrukarar om enn ønskjer meir lokal mat, vil kunna framkalla ein mindre gjennomtenkt og personleg forpliktande respons. M.a.o, sjølv om 70% svarar at dei ønskjer fleire lokale produkt i hyllene kan ein ikkje frå dette trekkja konklusjonen at dei same 70 prosent kjem til å nytta eit eventuelt tilbod.

Me spurte såleis også om ein ville vera villig til å *betala* meir for produkt ein visste kom frå lokale bønder/produsentar? Overraskande nok var tilbakemeldinga her enno tydelegare: 82% (!) svarar ja til dette. 17% svarar negativt, medan berre 1% ikkje hadde noko svar å gje.

Bryt me tala ned på bakgrunnsvariablane ser me at 86% av kvinnene og 77% av mennene seier at dei vil betala meir. Me ser også eit visst utslag i forhold til kor sentralt folk bur. Blant dei som bur midt i byen seier 78% ja til å betala meir, medan 84% av dei som bur i bustadfelt utanfor sentrum bekreftar det same. Heile 97% av dei som er busette på gardsbruk svarar bekræftande.

**Kunne du tenka deg å betala meir for gode produkt med lokalt opphav?**

Svaralternativ	Prosent
Ja	82%
Nei	17%
Veit ikkje/ingen mening	1%

## 2.6 BØNDENE I SANDNES BØR SATSA AKTIVT PÅ DEI NYE HANDLINGSROM DET BYNÆRE GIR

Det siste spørsmålet me stilte til bybefolkninga i Sandnes var ein open invitasjon til å koma med innspel til korleis landbruket/bøndene i kommunen bør organisera produksjon og

aktivitetar i tida framover. Slik ønskte me og å få idear til tema og satsingar som eventuelt kan inngå i eit nytt og meir aktivt (om)grep om «bynært landbruk».

På spørsmålet «Kva meiner du bør vera landbruket i Sandnes si viktigaste rolle i åra framover?» opna me for å kunna gje fleire svar. Me opna også for at respondentane kunne koma med eigne innspel under ein «andre»-kategori.

Svarfordelingane viser eit overveldande fleirtal for at landbruket i Sandnes bør ha eit meir bynært fokus. Medan 13% svarar at ein bør ha fokus på volumproduksjon utan spesiell lokal fokus, svarar 66% at bøndene bør prioritera produksjon av lokal/kortreist mat. 58% svarar at det viktigaste er «å halda kulturlandskapet ope og i hevd», medan 41% svarar at ein bør prioritera «utvikling av nye produkt og tenester retta mot ei veksande bybefolkning». 2% svarar veit ikkje, medan det blant dei 4% som ønskte å gje ytterlegare kommentarar er jordvern og lokal produksjon som er dei innspel som går igjen.

Ser me på innverknad av bakgrunnsvariablane finn me at berre 10% av dei som busette i Sandnes meiner at landbruket bør satsa på «volumproduksjon utan særleg lokal fokus». Det er også svært interessant å registrera at berre 10% av dei som er busette på gardsbruk meiner dette. Blant denne gruppa svarar heile 74% at landbruket i Sandnes bør fokusera på lokal/kortreist mat i åra framover. I alle grupper er dette det mest populære svaret, følgd av kulturlandskapsforvaltning og utvikling av nye tenester for bybefolkninga.

**Kva meiner du bør vera landbruket i Sandnes si viktigaste rolle i åra framover?**

<b>Svaralternativ</b>	<b>Prosent</b>
<b>Volumproduksjon utan særleg lokal fokus</b>	13%
<b>Produksjon av lokal og/eller kortreist mat</b>	66%
<b>Å halda kulturlandskapet ope og i hevd</b>	58%
<b>Utvikling av nye produkt og tenester retta mot ei veksande urban befolkning</b>	41%
<b>Anna</b>	4%
<b>Veit ikkje/ingen mening</b>	2%

*Sum overstig 100% grunna multisvars mulegheit*

Dette er resultat som igjen indikerer eit betydeleg utviklingsrom i det urbane sentrum sin raske vekst. Potensialet er stort fordi denne urbane veksten skjer midt inne i ein av landets største landbrukskommunar. Paradoksalt nok har nye næringar i landbruket vore langt meir framheva i distrikts-Noreg, ofte i område av landet der marknaden for direkte framstilling og sal av produkt og tenester er særst avgrensa i utgangspunktet.

I Sandnes er dette utviklingsrommet derimot svært lite utforska. Ein del av årsakene handlar nok om ein vedvarande tendens til å setja likskapsteikn mellom landbruk på Jæren og effektivitet/volum. Det rommet som kjem til syne i denne rapporten kjem derimot *i tillegg til*, ikkje i staden for, eit stort sett vel fungerande, volumfokusert landbruk i Sandnes Vest. Dette nye rommet trugar ikkje eksisterande produksjon, det opnar i staden opp for at bruk som pr. i dag framstår som lite rasjonelle/kostnadseffektive eventuelt kan finna andre verdimål og måtar å utvikla seg på.

På den eine sida fører byvekst til aukande press på matjord, på den andre sida er det rett utanfor garden si stovedør ein raskt veksande marknad for landskapsbaserte opplevingar, nye gardsbaserte tenester og lokal mat. Evne til å kunna takla denne kompleksiteten blir avgjerande for å lukkast over tid med å finna vekstrom for eit bynært landbruk. Ved å bli «betre» på å kunna levera nye produkt/tenester til bymarknaden, vil kan hende landbruket også kunna mobilisera breiare i jordvernkampen.

Me menneske har fleire behov enn dei som handlar om å metta magen. Dagens byutvikling handlar mykje om foredla opplevingar, dei vere seg gastronomiske, sosiale, kulturelle. Byen er også ei stor forsamling av menneske på lite område, noko som set krav til effektiv tenesteproduksjon. Landbruket i Sandnes har potensiale til å levera på alle desse nivåa; rimeleg volumproduksjon, høgforedla opplevingar og gardsbaserte tenester. Eit effektivt bynært landbruk er ikkje eit anten-eller landbruk, men ei medviten dyrking av mangfald. Dette handlar om å kunna gjera seg sjølv viktig og nyttig overfor veldig mange menneske med til dels veldig ulike behov (og stor kjøpekraft). Ingen stad i landet er det, slik sett, større potensiale for å satsa på eit bynært landbruk enn i Sandnes.

## 2.7 KVA VIL SÅ BØNDENE SJØLVE?

I ein region med godt oljesmurt økonomi, ein stor arbeidsmarknad og lite arbeidsløyse, må landbruket spela andre kort enn dei reint økonomiske for å vera attraktivt. Det må liggja ein «god nok» økonomi i botnen for den som skal villa satsa, men samtidig vil «matfylket» aldri klara å konkurrera med «oljefylket» dersom inntening er den einaste verdimalen.

I mi eiga forsking på gardbrukaren som nyskapar/innovator, har eg synt at den opphavlege tydinga av bonde – «buande – framleis er ein avgjerande årsak til at ein legg så mykje tid og krefter ned i noko som i dei fleste tilfelle gjev mindre av seg enn andre, tilgjengelege arbeidsplassar i nærområdet.<sup>18</sup> Dette handlar om å kunna utvikla noko ein sjølv kjenner seg som del av, om å utvikla «eins eige» og om fridomen i å vera «sin egen herre», slik Hamsun skildra det så vakkert i Markens Grøde.

Skal landbruket utvikla seg vidare – og særleg i ein region der alternativa er så mange – må denne personlege forankringa i eigne interesser og eiga motivasjon liggja i botnen. Med ei undersøking som denne, kan me ikkje anna enn å syna ein mogleg marknad og eit mogleg nytt spor for eit medvite bynært landbruk. Det er berre den viljande og motiverte bonden sjølv som kan utvikla dette feltet. Det må difor eksistera ein genuin interesse blant bøndene for å følgja slike spor.

Som eg skreiv over, har fleire stemmer prøvd å overtyda oss undervegs i denne prosessen at ei slik interesse *ikkje* eksisterer blant jærbøndene. Det har likevel vore vanskeleg å sjå at denne holdninga byggjer på meir enn rein «synsing», ettersom det knappast er gjort meir enn spreidde freistnader på å utforska eller å direkte satsa innanfor ei «bynær» retning.

Resultata me presenterer i denne rapporten tyder på at «synsarane» tek feil. Me har sett at dei respondentane som er busette på gardsbruk også er dei som er *aller* mest opptekne av at landbruket i Sandnes satsar meir på bynære produkt og tenester.

---

<sup>18</sup> Lønning, Dag Jørund 2011: *Kva er nyskaping? Om fridom, skaparglede, framtid og fellesskap*. Ål: Boksmia forlag.

I tillegg har me gjennomført ei eiga undersøking retta direkte mot dei aktive bøndene i Sandnes. Her la me inn fleire av dei same spørsmåla som me stilte til sentrumsbrukarane, samt nokre fleire knytt til bøndene sine egne erfaringar med bynær drift.

Resultata frå denne undersøkinga kjem i ein eigen delrapport. Her tek me likevel med nokre hovudfunn. På eit overordna nivå ser me at bøndene i all hovudsak er samde med resten av bybefolkninga både når det gjeld jordvern og om behovet for eit meir synleg og lokalt landbruk:

- 45% av bøndene ser byveksten i Sandnes «som eit problem for framtida til garden vår». Dette resultatet seier noko om dei store og alvorlege utfordringane landbruksnæringa i Sandnes står overfor når det gjeld kampen om areala. Byvekst legg press på matjorda, og veldig mange bønder føler allereie dette direkte på kroppen. Det er nærliggjande å tru at ei så betydeleg uvisse om framtida for eigen gard har store konsekvensar for lyst og vilje til å satsa vidare.
- Samtidig er det 23% som ser byvekst «som eit potensiale eller ei mulegheit for framtidig gardsdrift». Sett på bakgrunn av at det i liten grad er sett fokus på denne vinklinga verken gjennom landbruksorganisasjonar eller offentleg forvaltning i Sandnes, er dette eit overraskande høgt tal.
- 84% seier at det er «veldig viktig» å ta vare på så mykje matjord som råd i Sandnes og området rundt. Dette er sjølvstøtt ein overveldande majoritet, men samtidig hugsar me at 91% av bybrukarane meiner det same. Utan at me skal gjera noko stort poeng av dette, registrerer me såleis at den jamne bybrukar er enno meir oppteken av eit strengt jordvern enn det bøndene i Sandnes er..
- 63% svarar at landbruk *ikkje* er ein synleg del av Sandnes sin identitet.
- Halvparten av bøndene som har svart seier at bøndene sine lag og organisasjonar *ikkje* gjer nok for å synleggjera landbruket i Sandnes. Her er dei difor på linje med bybrukarane. 56% svarar at dei gjerne blir med på initiativ for å gjera landbruket meir synleg i sentrum av byen og/eller for resten av befolkninga i kommunen.

- Halvparten av bøndene veit ikkje at Sandnes er ein av landets ti største landbrukskommunar. Dette indikerer at det også er eit stort informasjonsbehov internt i landbruket.
- 70% av bøndene seier at det er viktig for dei at garden og landskapet rundt tek seg godt ut for dei som fær forbi. Med tanke på at eit stort fleirtal av Sandnes sin befolkning aktivt brukar det landbruksproduserte kulturlandskapet som rekreasjonsarena, viser dette talet at bonden tek landskapsforvaltarrolla på høgste alvor.
- 67% av bøndene svarar at dei kunne tenkja seg eit større utval av mat med lokalt opphav i butikkar og/eller på torget i Sandnes. Derimot er det berre 17% som nokon gong har blitt førespurt om å starta med lokal produksjon. Dei aller fleste førespurnadane kom frå privatpersonar, og nokre få frå andre næringsverksemdar. Det offentlege har ikkje vore på banen her. 80% av bøndene har *aldri* blitt spurt om eller blitt invitert med i slike initiativ.
- Av dei som alt driv alternativ næring har dei fleste tenesteproduksjon som t.d. Inn på Tunet og næring knytt til hest. Ei lita gruppe er i ferd med å satsa på lokal foredling.
- «Bondens marknad» er etter kvart ein innarbeidd salskanal i Noreg. Me ønskte å utfordra bøndene sjølve rundt dette konkrete eksempelet på ein lokal og alternativ måte å kunna marknadsføra eigne produkt. Det viste seg at ingen (0%!) av bøndene som svarte har noko erfaring med dette. Derimot svarar heile 52% at dei opplever Bondens Marknad som eit positivt tiltak, sjølv om dei altså ikkje har delteke i slik aktivitet sjølve. Berre 10% svarar at dei ikkje har trua på dette for eigen del, medan 37% seier at dei treng meir informasjon for å svara.

Svara frå bøndene viser at avstanden mellom bonde og bybrukar ikkje er særleg stor. Både er dei opptekne av eit sterkt jordvern, både ser dei behovet for eit meir synleg sandneslandbruk, både ønskjer dei fleire lokale produkt i sal i Sandnes, og både ser dei positivt på nye, bynære salskanalar.

Me kan med dette avliva ei eventuelt eksisterande «myte» om at bønder i Sandnes ikkje ønskjer å venda seg mot dei potensial som kan liggja i ein veksande bymarknad. Tvert om viser tala våre at den viktigaste føresetnaden for ei meir omfattande og strategisk satsing på bynært landbruk – *forankring hos bøndene* – så absolutt er til stades. Ei slik satsing bør verta ei prioritert oppgåve framover i ein allianse mellom bønder, forvalting, anna næringsliv og bynære (for)brukarar. Denne satsinga må koma som eit tillegg til, ikkje som ein erstatning for, etablert volumproduksjon i Sandnes Vest.



### 3 LANDBRUKET I SANDNES: BORTGØYMT, MEN IKKJE BORTGLØYMT

Med dette prosjektet ønskjer me å visa at byen Sandnes pr. i dag går glipp av eit veldig spennande potensial når det gjeld å utvikla sin eigen heilt særeigne byidentitet. Sandnes er både landets raskast veksande by og ein av landets aller største landbrukskommunar. Ingen andre byar i Noreg har eit slikt utgangspunkt.<sup>19</sup> Problemet er at desse to utviklingsføresetnadane ikkje på noko vis verkar å vera kopla. Det urbane sentrum held fram med å veksa, men er på det næraste «kjemisk fritt» for alt som kan minna om landbruk. Landbruksproduksjonen er stor og omfattande, men føregår i sine eigne rom og gjennom verdiskapingskanalar som ikkje synest å gå verken innom eller gjennom Sandnes sentrum. I denne rapporten har me også synt at verken sentrumsbrukar eller bonde (!) er klare over at dei bur og/eller driv gard i ein av landets største landbrukskommunar.

Landbruket i Sandnes er godt bortgøymt, ja, men bortgløymt er det på ingen måte i befolkninga i kommunen. Den svært så tydelege støtta både til vern av matjord og eit langt meir lokalt *synleg* landbruk som kjem fram i denne rapporten, er særst gledeleg og bør også vera motiverande for ei ny og breitt fundert satsing på *Landbruksbyen Sandnes*.

Nokre av hovudfunna i rapporten kan summerast opp på følgjande vis:

- Heile 91% av sentrumsbrukarane i Sandnes svarar at dei ser det som «svært viktig» å ta vare på så mykje matjord som råd i Sandnes og i området rundt. Eit stort fleirtal seier også at jordvern må vera overordna andre arealbehov. Dette er synet til sentrumsbrukaren i Sandnes, ein politisk svært «blå» by. Nedbygging av matjord er såleis ikkje ei politisk vinnarsak. Det å ta vare på så mykje matjord som råd er tvert om ein fellesverdi for det store fleirtalet av sentrumsbrukarar i byen uavhengig av kva parti dei røystar ved val.<sup>20</sup>

---

<sup>19</sup> Det er eit ganske stort paradoks at ein synest å ha kome mykje lenger med dette i Oslo enn i Sandnes (og i resten av Stavangerregionen): <http://www.fylkesmannen.no/Oslo-og-Akershus/Landbruk-og-mat/Naringsutvikling/Bynart-landbruk/>

<sup>20</sup> Dette kjem også fram i LU-undersøkinga frå 2011 presentert i fotnote 11.

- Eit nesten like stort fleirtal (69%) seier at ein ønskjer eit større utbod av lokale landbruksprodukt i butikkar og på torg i Sandnes. Enno fleire (82%) seier at dei også vil betala meir for produkt med lokalt opphav.
- Samtidig svarar 47% av dei spurte at bøndene i Sandnes ikkje er flinke nok til å informera resten av befolkninga i kommunen om eigne aktivitetar.
- 72% seier at dei «ofte» brukar natur-/kulturlandskapet i Sandnes. Dette viser at bonden har ei svært viktig samfunnsrolle som produsent av eit urbant opplevingslandskap. Denne rolla har vore lite fokusert på Jæren.
- Når me spør sentrumsbrukaren om innspel til kva dei meiner bøndene i kommunen bør fokusera på i åra framover svarar 68% «produksjon av lokal/kortreist mat», 58% «å halda kulturlandskapet ope og i hevd», og 41% «utvikling av nye produkt og tenester retta mot ei veksande urban befolkning». Berre 13% svarar «auka volumproduksjon utan særleg lokalt fokus».
- Dei som er busette på gardsbruk i Sandnes er aller mest opptekne av meir lokal produksjon, og behovet for betre marknadsføring av landbruket. Ei separat undersøking retta mot aktive bønder i kommunen viser det same: bøndene er svært opptekne av å auka tilfanget av lokale produkt, og veldig mange ser positivt på å arbeida meir med å betra kontakten mot den urbane befolkninga i Sandnes. Det er ikkje noko grunnlag for å hevda at bønder i Sandnes stiller seg negativt til å satsa på nye, bynære næringar.

Forsøket på å fylla omgrepet «bynært landbruk» med eit *aktivt* innhald, har vore eit anna mål med dette prosjektet. Skal omgrepet gje meining må det innbefatta noko meir enn «landbruk nær ein by». I Sandnes er det fram til no berre gjort små, spreidde og stort sett individuelle forsøk på å utforska kva potensial byvekst kan utgjera for landbruket. I denne rapporten har me synt nokre moglege utviklingsretningar og bynære satsingsfelt for landbruket. Desse kan t.d. handla om:

- Etablering av breie jordvernalliansar mellom bønder, bybrukarar og anna næringsliv.

- Nye marknadsføringsstrategiar der ein betre får fram landbruket sine mange eksisterande og potensielle oppgåver som produsent av produkt og tenester retta mot ei veksande urban befolkning.
- Utvikling av nye produkt/tenester i samarbeid/samråd med forvalting, foredlingsindustri, lokalt næringsliv og relevante (for)brukargrupper.
- Etablering av eit breitt samarbeid mellom landbruk og ulike sentrumsaktørar for å synleggjera landbruket i Sandnes sentrum.

«By og land, hand i hand» er ein gammal norsk visjon. I Sandnes kan ein enno lesa dette berømte slagordet på veggen i ærverdige «Melkebaren» i Bøndernes Hus. Visjonen er knappast ei god skildring av den faktiske situasjonen når det gjeld byutvikling og landbruk i Sandnes, men ingen bykommune i Noreg har eit større potensiale når det gjeld å skapa noko nytt og spennande ut av møtet mellom byen og garden. Då trengst både ein ny, fordomsfri og utvida debatt om kva produkt og tenester landbruket kan levera til ei raskt veksande urban befolkning og sentrumsaktørar/bypolitikarar med vilje til å sjå og inkludera landbruket.